



**SOGN REGIONRÅD**

## Mentor på arbeidsplassen

Jobben gjev mange av oss ein stad å høyre til, arbeidskollegaer og ei inntekt å leve av. Du kan glede deg til helg og til feriane, du kan leggje deg trøyt og ha noko å stå opp til. Du lærer stadig noko nytt, du høyrer til ein stad.

For mange som kjem flyttande til Noreg og Sogn, er det å vere i arbeid den beste måte å lære norsk på å bli ein del av lokalsamfunnet. Nokon treng litt ekstra støtte og opplæring.

**Kva?** Me tilbyr opplæring til dei som tek i mot innvandrarak på arbeidsplassane. I programmet set me fokus på tema som rettleiing og kommunikasjon, kulturell variasjon, psykisk helse og arbeid og konflikthandtering. Deltakarane vil vere med å gje programmet form. Ved å melde på tilsette bidreg verksemda i Sogn regionråd sitt arbeid for integrering og inkludering.

**Kven?** Dette er for verksemdar som tilbyr arbeidstrening eller har eit stort rekrutteringsbehov. Mentor er ein tilsett som ofte får ansvar for å ta i mot nytilsette og deltakarar på arbeids- og språktrening. Dei er tett på og er ein kjentmann i høve arbeidsoppgåver og livet elles på arbeidsplassen. Dei gjev opplæring, oppfølging og støtte og er motivert for å lære meir om det å vere mentor.

**Korleis?** Mentorprogrammet består av fem samlingar i perioden januar til juni 2022. Verksemda gjev dei tilsette fri for å delta og får tilbake kompetanseheving innanfor viktige fagområde.

Samlingane vert haldne i Sogndal og er gratis. Vestland fylkeskommune og Sogn regionråd finansierer programmet. Arbeidsplassar som må leige inn vikar kan få noko kompensasjon for deltakinga.



## Interessert?

For meir informasjon kontakt prosjektleiar Jeanette Walsvik, tlf 900 76 139.

Meld din interesse til [jeanette.walsvik@sogndal.kommune.no](mailto:jeanette.walsvik@sogndal.kommune.no)

Deltaking vil skje etter dialog med leiar.

Før på namn, bedrift, e-post, telefonnummer og namn på leiar.